



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Hotel Alexandra, Stryn kommune
Møtedato	25.10.2018
Kl.	10:00-15:30

Faste medlemmer til stades:

Noralv Distad H
Bjørn Hollevik H
Gunnhild Berge Stang V møtte kl 10:25
Sigurd Reksnes Sp
Arnstein Menes Sp
Gunn Sande Sp
Helen Hjertaas Ap
Harald Bjarte Reite Ap møtte kl 12:00
Stein Malkenes MDG

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Dina Lefdal

Sekretariat for møtet: Monica Åsnes

Hovudutval for samferdsle valde møteleiar og Harald Bjarte Reite til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Synfaring og orientering frå Stryn kommune v/ordførar Sven Flo og fungerande rådmann Randi Rørvik Lillestøl.

Orientering frå Statens vegvesen v/Svenn Finden.

Orientering frå kollektiv v/Øystein Hunvik og Anna Gytri.

SAK 39/18 Møteplan for hovudutval for samferdsle og trafikktryggingsutvalet 2019

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Dag	HS	FTU	Møtestad
Tysdag	12.feb	12.feb	Høyanger
Tysdag	19.mar		Bremanger
Tysdag	30.apr		Fylkeshuset
Tysdag	28.mai		Fylkeshuset
Måndag	17.jun		Gulen
Tysdag	10.sep	10.sep	Leikanger/Sogndal
Tysdag	01.okt		Fylkeshuset
Tysdag	19.nov		Fylkeshuset

Endringsframlegg:

Hovudutval for samferdsle gjorde framlegg om at hovudutvalsmøte 30. april vert halde i Solund og hovudutvalsmøte 28.mai vert halde i Leikanger/Sogndal. Møtedato 10.september vert endra til onsdag 11.september på fylkeshuset.

Avrøysting:

Fylkesdirektøren sitt framlegg med endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Dag	HS	FTU	Møtestad
Tysdag	12.feb	12.feb	Høyanger
Tysdag	19.mar		Bremanger
Tysdag	30.apr		Solund
Tysdag	28.mai		Leikanger/Sogndal
Måndag	17.jun		Gulen
Onsdag	11.sep	11.sep	Fylkeshuset
Tysdag	01.okt		Fylkeshuset
Tysdag	19.nov		Fylkeshuset

SAK 40/18 Fv 607 Brensdalstunnelen - søknad om fråvik til lyssetting

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Det vert gjeve fråvik frå krav til lyssetting i fv. 607 Brensdalstunnelen.

SAK 41/18 Fv. 303 Seimsdalstunnelen - søknad om fråvik

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet godkjenner fråvik frå krav til køyrebreidde og breidde på gang- og sykkelveg i fv. 303 Seimsdalstunnelen.

SAK 42/18 Fordeling av midlar til mindre utbetringar - tiltak for framkome og trafikktryggleik 2018

VEDTAK:

1. Midlar til mindre utbetringar – tiltak for framkome og trafikktryggleik vert fordelt slik:
Fv. 243 Møteplassar Aurland – Bellsvingen 2,6 mill. kr
-

SAK 43/18 Tilrettelegging av drosjer for rullestol 2018

VEDTAK:

Fylkeskommunen yter tilskot til 5 drosjeeigarar, kvar med 40% av søknadsbeløpet:

A	Ivar Eide	Kr	60 000
B	Olav Lerum	Kr	51 500
C	Siw Høgalmen Solheim	Kr	14 500
D	Frank Larsen	Kr	10 500
E	Norolv Kvamme	Kr	59 500
	<u>Samla sum</u>	Kr	<u>196 000</u>

SAK 44/18 Fornyng av ruteløyve NX170 Førde - Oslo

VEDTAK:

Firda Billag Buss AS og Nettbuss Travel AS får ruteløyve etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.01.19 til 31.12.28.

- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med andre fylkeskommunar som ruta køyrer gjennom.
- d) Det er tillate å utføre lokaltrafikk, dvs. ta opp og setje av dei same passasjerane på heile strekninga innan Sogn og Fjordane og mellom desse haldeplassane i Buskerud: Tuv, Trøim (Hemsedal), Gol skysstasjon, Nesbyen (Shell), Bromma, Flå, Gulsvik (Statoil), Noresund, Hamremoan og Vikersund. Det er ikkje tillate med lokaltrafikk på strekninga Oslo – Drammen – Hokksund – Vikersund. I Oslo skal bussane køyre E 18 via Frognerstranda og Oslotunnelen. Dei einaste godkjende haldeplassane er Skøyen og Oslo SL-Bussterminal.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

SAK 45/18 Kjøpssak 2019

VEDTAK:

- 1. Ruteinnspela i *vedlegg 1* vert vedtekne slik dei ligg føre.
 - a. Det vert teke høgde for ein kostnadsauke på 225 000 kr. i ruteproduksjonen.
 - b. Det skal gjennomførast dialogar med kommunar som ynskjer det, angående endra reisebehov som følgje av kommunereforma. Finansiering av eventuelle tiltak må vere ein del av dialogen.
- 2. Administrative endringar sidan førre kjøpssak vert teke til orientering.
- 3. Fylkesdirektøren sine framlegg til justeringar i *vedlegg 2* vert vedtekne slik dei ligg føre.
 - a. Samla vert det realisert ei innsparing på 12 000 kr.
- 4. Det skal i 2019 arbeidast med vidareutvikling av kollektivtilbodet.
 - a. Marknads- og informasjonsplanen i *vedlegg 3* vert vedteken slik den ligg føre.
 - b. Det vert sett av 300 000 kr. til styrking av bybussane i Førde og Florø på laurdag og søndag.
 - b. Det vert sett av 140 000 kr. for to sommarruter mellom Florø og Førde.
 - c. Sesongen der brebussen i Briksdalen går fast vert utvida med 14 dagar, til 15. september. Ruta vert forlenga til kaia på aktuelle avgangar. Det vert sett av 5 000 kr. til dette tiltaket.
 - d. Det vert sett av 800 000 kr. til mindre marknadstiltak/nye ruter. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å utforme aktuelle tiltak.
 - e. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endeleg rutetilbod.
- 5. Takst
 - a. Takstauke for buss vert 2,5 %.
 - i. Minstetakst for buss vert kr 32 for voksen og kr 16 for barn
 - ii. Bybusstakst i Førde og Florø vert uendra kr 20 for voksen og kr 10 for barn
 - iii. Flybusstakst i Førde og Sogndal vert uendra kr 80 for voksen og 40 for barn.
 - b. Takstauke for båt vert 3 %.
 - i. Andre halvdel av takstharmoniseringa for ekspressbåtane vert gjennomført frå 2019 i tråd med vedtak i fjorårets kjøpssak.
 - c. Takstane for fylkesvegferje skal følgje riksregulativet for ferjetakstar som tidlegare.
 - d. Prisen for ungdomskort vert uendra med kr 365.
 - e. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss, båt og fylkesvegferje.

SAK 46/18 Skriv og melding - hovudutval for samferdsle 25.oktober

Dette gir følgjande VEDTAK:

1 Fråsegn om statsbudsjettet - manglande løyving til skredsikring

2 Utbetring etter tunneltryggleiksforskrifta - Økonomisk situasjon i Hordaland

VEDTAK:

Hovudutval for samferdsle oppmodar fylkesutvalet om å gje uttale om tunnelvedlikehald til liks med Hordaland Fylkeskommune.

3 Gjennoppbygging av bru i Innvik – orientering frå fylkesdirektør

4 Utvida TT-ordning - orientering frå fylkesdirektør

5 Innspel frå Stein Malkenes – diskusjon i utvalet

VEDTAK:

Tilgjengelege presentasjonar vert sendt medlemmar i utvalet.

Hovudutvalet ber om at det vert gjort ein gjennomgang av studieturen i eit seinare møte.

VEDTAK:

Utvalet ber om at sikkerheit på sjø vert eit tema i fylkestrafikktryggingsutvalet.
